



Lastinga av semitrailaren gjekk utan stans laurdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

400 sekkar med klede, sengetøy og leikar vert sendt frå Uskedalen til byen Uzhhorod som ligg lengst vest i Ukraina.

Dette er det svært imponerende resultatet av at semitrailaren til den kristne stiftinga THK på Karmøy stogga to timar utanfor Gamleskulen laurdag ettermiddag.

Bilen køyrer mot aust den 6. mars.



Glade for stor respons: Vidar Akselsen og Tormod Myklebust med 650 sekkar klare for Ukraina. (Foto: Ola Matti Mathisen)
 - Overveldande, sa dagleg leiar i THK Vidar Akselsen og initiativtakar Tormod Myklebust. Dei hadde ein stri, men hyggeleg tørr i ausregnet med å ta imot dei svarte sekkane som gjorde bilen meir enn halvfull. Tidlegare på dagen stod bilen i Rosendal i to timar og resultatet der vart 250 sekkar. Maksimal kapasitet ligg i overkant av 1.000 sekkar.



Semitrailaren set kursen mot Ukraina 6. mars. Her er den i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Kva seier folk, spurde uskedalen.no Vidar og Tormod etterpå.
- Dei spør når vi kjem att. Og då svarar vi at vi kjem att enten til hausten eller om eitt år. For dette var eit svært vellukka forsøk på å samle inn til trengande i Ukraina i eit område der vi ikkje har vore tidlegare. Folk er veldig positive og glade for at vi kjem. Gleda er todelt: Dei har før hatt dårleg samvit for å kaste klede og sengetøy. No har dei godt samvit for å kunne gje til eit godt føremål, til folk som treng det, seier dei to.

Tormod innrømmer at han var veldig spent før denne samledagen og han våga ikkje eingong å håpe på ein slik respons. I slutten av april skal han igjen vera sjåfør på ei hjelpesending til Ukraina.

Vidar slår fast at responsen var svært stor når ein tek i betraktning at dette var første innsamling på våre kantar. Tidlegare har stiftinga vore på innsamlingsrunde mellom anna i Nordhordland.

Av Ola Matti Mathisen



Alf Eidsvik var ein av mange uskedelinger som møtte opp med sekkar til Ukraina. (Foto: Ola Matti Mathisen)